


utfordringar som møter oss.

Dette hjelper trusopplæringa dykk med.

T



www.voss.kyrkja.no  “Trusopplæringa i Voss”

trusopplæring)



Velkommen til babysong



**i Kyrkjestova
på Oppheim
haust 2026**



Me vil invitera dykk til **T**-dagar; BABYSONG I KYRKJESTOVA PÅ OPPHEIM

Kva er babysong?

Babysong er lek med song, rim og regler, dans og lyd. Kjennskap til ulike lydbilete er også utgangspunkt for all språkutvikling. Me skal syngja ulike musikkssjangrar, dansa saman og bruka ulike rytme-instrument.

Kvifor babysong?

Som mor/far er det du som kjenner kommunikasjonen mellom deg og barnet ditt best. For barnet er stemma di det kjæraste og næraste! Babysong handlar ikkje om å prestera, men om å gjera denne kommunikasjonen endå betre ved bruk av song og musikk. Denne invitasjonen vert sendt til døypte i Den norske kyrkja. Men **alle** er velkomne!

Ingen forkunnskap trengs for å delta!

Kursleiar:

Ellen Marie Selland Geithung, folkemusikkutøvar, organist og lærar i kulturskulen.

Medlem i foreninga Musikk fra livets begynnelse.

Praktisk.

Babysong startar opp i veke 35, og går over 4 torsdagar og 2 fredagar. Me møtes kl 10:30 – 11:15 i Kyrkjestova på Oppheim.

Her skal de ikkje ta med anna enn dykk sjølve, babyen og ein gulpeklut... Etter samlingane vert det smyrje-lunch.

Invitasjon vert sendt til born fødd andre halvår av 2025 og fyrste halvår av 2026, og deira føresette. Veit de om andre som har lyst til å vera med, ta kontakt med Ellen Marie Selland Geithung

Datoar for babysongsamlingane er desse dagane:
28.08. (NB: fredag), 03.09., 10.09.,
18.09.(NB: fredag), 24.09 og 01.10.

Desse samlingane er eit samanhengjande kurs.
Påmelding (sms) til Ellen Marie: 980 645 94